

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 2 FEBRUAR 2018 kl. 09.30-14.00, ADVANTEC STORD****Desse møtte:**

Liv Østervold	Austevoll kommune (t.o.m sak 05/18)
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune (t.o.m sak 05/18)
Geir Aga	Bømlo kommune
Ingemund Berge	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Svein Dale Soleng	Fitjar kommune
Peder Sjo Slettebø	Kvinnherad kommune (t.o.m sak 05/18)
Odd Ivar Øvregård	Kvinnherad kommune (t.o.m sak 05/18)
Gaute S. Epland	Stord kommune (t.o.m sak 05/18)
Magnus Mjør	Stord kommune (t.o.m sak 05/18)
Jorunn Skåden	Sveio kommune (t.o.m sak 05/18)
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Observatører:

Arne-Christian Mohn Haugesund kommune

Administrasjon:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall:

Morten Storebø, Austevoll kommune – Pål Nygård, Etne kommune – Jostein Førre, Sveio kommune.

Då var føre:

Sak 01/18	Godkjenning av referat frå møte 7. desember 2017
Sak 02/18	Regionreforma – arbeidet vidare
Sak 03/18	Vidaregåande skuletilbod – prosess
Sak 04/18	Sunnhordland Museum
Sak 05/18	E 134 - Arm til Bergen
Sak 06/18	Skriv og meldingar
	a) Representant i samarbeidsorgan for folkehelse i kommunane
	b) Skjønsmidlar frå fylkesmannen
	c) Møte med næringsavdelinga i fylkeskommunen
	d) Fellesmøte med Atheno
	e) Interimsstyret Stord folkehøgskule
	f) Studietur til Cork City
Sak 07/18	Ymse
	a) E39 – ferjefri kyststamveg
	b) Invitere Karmøy inn som observatør

Sunnhordland, 5. februar 2018

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 2 FEBRUAR 2018 kl. 09.30-14.00, ADVANTEC STORD**

Sak 01/18 Godkjenning av referat frå møte 7. desember 2017

Samrøystes godkjent.

Sak 02/18 Regionreforma – arbeidet vidare

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet meiner at eit eller fleire av dei tre områda veg, opplæring og idrett, og kultur som er tenkt organisert innan Hordaland distrikt bør leggest til Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet gir arbeidsutvalet mandat til og arbeida fram ein argumentasjon for kva område innan veg, opplæring og idrett, og kultur det er mest naturleg at vert lagt til Sunnhordland.
3. Samarbeidsrådet meiner at ei lokalisering i Sunnhordland og kan vera ei tilrettelegging av funksjonar dersom Rogaland eller delar av Rogaland vert ein del av Vestlandsregionen.
4. Samarbeidsrådet stiller seg positiv til at funksjonar kan leggest på Haugalandet, dersom dei ønskjer å bli ein del av det nye Vestlandet.

På møte:

Det vart i møte sett fram forslag om nytt punkt 1:

1. Samarbeidsrådet meiner at eit eller fleire av dei tre områda samferdsel, næring og opplæring som er tenkt organisert innan Hordaland distrikt bør leggest til Sunnhordland.

Det kom inn nytt punkt 5:

Samarbeidsrådet ynskjer ein dialog om organisering av næringarbeidet i det nye "Vestland"

VEDTAK:

1. Samarbeidsrådet meiner at eit eller fleire av dei tre områda samferdsel, næring, og opplæring som er tenkt organisert innan Hordaland distrikt bør leggest til Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet gir arbeidsutvalet mandat til og arbeida fram ein argumentasjon for kva område innan samferdsel, næring, opplæring og idrett det er mest naturleg at vert lagt til Sunnhordland.
3. Samarbeidsrådet meiner at ei lokalisering i Sunnhordland og kan vera ei tilrettelegging av funksjonar dersom Rogaland eller delar av Rogaland vert ein del av Vestlandsregionen.
4. Samarbeidsrådet stiller seg positiv til at funksjonar kan leggest på Haugalandet, dersom dei ønskjer å bli ein del av det nye Vestlandet.

5. Samarbeidsrådet ynskjer ein dialog om organisering av næringsarbeidet i det nye "Vestland"

Sak 03/18 **Vidaregåande skuletilbod – prosess**

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet set ned ei arbeidsgruppe som skal ha som mål å sikra eit godt og framtidsretta vidaregåande skuletilbod i regionen.
2. Arbeidsgruppa vert sett saman av følgjande representantar:
 - Morten Storebø, Austevoll kommune
 - Odd Harald Hovland, Bømlo kommune
 - Wenche Tislevoll, Fitjar kommune
 - Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune
 - Gaute S. Epland, Stord kommune

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 04/18 **Sunnhordland Museum**

Framlegg til vedtak

- Samarbeidsrådet meiner at det er behov for å ha ein gjennomgang av kommunane si finansiering av Sunnhordland Museum.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å gjera ei vurdering og laga ein plan for framtidig finansiering.
- Arbeidsgruppa vert sett saman av:

- Saka vert lagt fram til vidare drøfting i Samarbeidsrådet sitt møte 9. mars.

På møte:

Det vart sett ned eit forslag om nytt kulepunkt 1 og 2.

- Samarbeidsrådet meiner at det er behov for å ha ein gjennomgang av kommunane si rolle og finansiering av Sunnhordland Museum.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å gjennomføre denne vurderinga.

Det vart i møte sett fram følgjande forslag på arbeidsgruppe:

- Magnus Mjør
- Odd Ivar Øvregård
- Jorunn Skåden

VEDTAK:

- Samarbeidsrådet meiner at det er behov for å ha ein gjennomgang av kommunane si rolle og finansiering av Sunnhordland Museum.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å gjennomføre denne vurderinga.
- Arbeidsgruppa vert sett saman av:
Magnus Mjør
Odd Ivar Øvregård
Jorunn Skåden
- Saka vert lagt fram til vidare drøfting i Samarbeidsrådet sitt møte 9. mars.

Sak 05/18

E 134 - Arm til Bergen

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner momentlista med dei innspela som kom i møte.

På møte:

Det kom i møte innspel om å fjerne kulepunkt 1.

Det kom i møte innspel om nytt kulepunkt:

- Arm til Bergen med bru over Bjørnefjorden vil knyta dei to stamvegane E134 og E39 saman.

VEDTAK:

- Arm til Bergen med bru over Bjørnefjorden vil knyta dei to stamvegane E134 og E39 saman.
- E134 prosjektet er gunstig med tanke på folketal og næringsaktivitet, og det gir svært viktige regionale effektar, også inn mot storbyområda.
- Statens Vegvesen framheve i aust-vest utgreiinga at full utbygging av E134 inkl. arm til Bergen kan gi samfunnsøkonomisk nettonytte på 26 mrd.
- Av dette er ca 14 milliardar knytt til effekten av arm til Bergen.
- E134 med «ferjefri arm til Bergen» vil i følge Statens vegvesen si utgreiing gje ei reisetid Bergen–Oslo som er minst 30 minuttar kortare enn ein oppgradert Rv7.
- E134 med arm til Bergen vil bringa Europa nærare Vestlandet og gje næringslivet betre tilgang til marknadane i Europa
 - Redusert transporttid, reduserte kostnader
 - Betre konkurransevne for mange bransjar

Sak 06/18

Skriv og meldingar

- a) Representant i samarbeidsorgan for folkehelse i kommunane
- b) Skjønsmidlar frå fylkesmannen
- c) Møte med næringsavdelinga i fylkeskommunen
- d) Fellesmøte med Atheno
- e) Interimsstyret Stord folkehøgskule

f) Studietur til Cork City

På møte:

b) Skjønsmidlar frå fylkesmannen

Rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune tok opp at fristen som administrasjonen hadde sett var kort frist for kommunane og mykje lenger for administrasjonen til å sakshandsama søknadene. Administrasjonen orienterte om bakgrunn for dette, men sa og at det viktigaste er at me får ein oversikt over kva søknader som kjem, slik at sakshandsaming kan planleggast.

d) Fellesmøte med Atheno

Møte med Atheno, som var planlagt 16. februar er utsett. Administrasjonen kjem tilbake med ny dato.

e) Interimsstyret Stord folkehøgskule

Wenche Tislevoll vert Samarbeidsrådet sin representant inn i interimsstyret.

Samarbeidsrådet tek orienteringa til følge.

Sak 07/18

Ymse

a) E39 ferjefri kyststamveg – førehandsinnkreving av bompengar

Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune tok opp utfordringa med at Hordfast AS no utarbeider søknad om førehandsinnkreving av bompengar også på riksvegar.

Dette vil slå uheldig ut på kostnadane på ferjesamband til og frå Tysnes. Det er annleis på ferjesambandet Halhjem -Sandvikvåg.

Sidevegsinnkreving skal berre nyttast unntaksvis.

Det er viktig at kommunane og Hordfast AS er samkøyrt i denne saka.

Dagleg leiar Øyvind Halleraker vert invitert inn til neste møte i Samarbeidsrådet 9. mars.

b) Invitere Karmøy inn som observatør

Under sak 02/18 Regionsreform stilte ordførar Jorunn Skåden, Sveio kommune spørsmål om Karmøy kommune bør vera observatør i Samarbeidsrådet. Dagleg leiar orienterte om at leiar i Haugalandrådet har møterett i Samarbeidsrådet og at dette no er ordførar i Karmøy.

Det skal likevel sendast ein førespurnad om Karmøy ønskjer å verta observatør.